

# Møte i FAU ved Førde Ungdomskule

**Tid:** torsdag 27. Oktober kl. 18.30

**Stad:** Kunstsalen, Førdehuset

## Desse møtte:

Ingrid Anderud Sælen	8A
Kariann Haaland Aasland	8B
Frode Schanke	8C
Lillian Helleseeth Furnes	8D
Åse Stadheim	9A
Tove Mette Øverbø	9B (nestleiar)
Silje Vangsnes	9C
Gunnar Klakegg (vara)	9D
Olivia Sunde	10A
	10B
Maria Steimler	10C
Reiel Haugland	10D (leiar)

## Saker:

### 1. Brannen på FUSK

Hallgeir viste bilete inne frå skulen. Lærarfløyen er utan infrastruktur (straum, internett, brannvarsling, mm). Alt i himlingen i gangen er øydelagt heilt eller delvis. Full nedvask over alt. Tiandeklassefløyen har branndør. Her er alt klart og tiandeklasse kan vere her. Tilsette har kontor i kjellaren på musikkrommet. På Førdehuset disponerer dei fire rom denne veka. Neste veke skal dei klasseromma som ligg lengst inne i aulaen bli tatt i bruk. Desse fire klasserom har eiga dør ut (rømningsveg). 8. trinn skal nytte desse etter helga. Måndag vil brannvarslinga vere oppe å gå. Spesialromma er nedvaska, men manglar framleis infrastruktur. Den delen som vart brent, tar lang tid å få tilbake i stand. Skal den rivast eller ikkje? Toalett vil mangle no i starten. Elevane får nytte toalett i Førdehuset. Måndag vil dei bygge midlertidig toalett på skulen i nærleiken av auditoriet. Brannteknisk har godkjent opning for 8. og 10. Klasse.

### 2. Norconsult sin rapport om FUSK

Kommunesjef Åge Stafnsnes informerte om bakgrunnen for kvifor Norconsult har gjort dette arbeidet. Tal barn og unge går ned, tal eldre går opp. Vi må omstille til fleire eldre i Sunnfjord kommune. Ny struktur vert difor viktig. Hafstad har kapasitet til å ta alle ungdomsskuleelevar om ca. 5 år. Om nokre år er nedgangen i elevtal så stor at "ein barneskule vil stå tom". Det vert viktig å frigjere ressursar, slik at vi har skular med ressursar.

## Rapporten seier:

Hafstad: Skule tiltenkt 480 elevar, 16 klassar, 5–6 parallellar, 55 tilsette. Lite slitasje på bygget. Kantine og samlingsplassar. Bygget er i god stand. (Sjå rapport med bilete/oversikt over dei ulike rom).

Alternativ 1: Lett tilpassing. Spesialrom for musikk, naturfag, mat og helse, mm. Samla spesialrom i den eldste delen. Pris: 17 040 581 kr.

Alternativ 2: Optimalisert løysing. Spesialrom, trinnorganisering av klasserom og grupperom, elevtenesta, fleire garderober. Pris: 34 117 238 kr.

Uteområde: 11.200m<sup>2</sup> , pluss tilleggsareal (Førdehuset mm.) Sjå skisser i rapporten.

### **Høyringsfrist 1. desember.**

Lærarane og andre tilsette på FUSK: ønsker å vere på FUSK. Uteområdet og adm. er ikkje slik som dei kunne tenke seg.

**Konklusjon:** Skulen kallar inn til møte mellom skule og FAU og det vert skrive eit samla svar frå skulen og FAU.

Reiel (leiar), Tove Mette (nestleiar) og Olivia møter.

Ref. Lillian Helleseth Furnes